

Til **KHMs styre**

---

**Sakstype:** **S 10/22 Vedtakssak**

**Møtedato:** **10.05.2022**

**Notatdato:** **27.05.2022**

**Saksbehandler:** **Olav Hamran**

---

## **Plan for likestilling, mangfold og inkludering**

Kulturhistorisk museum utarbeida i 2019 ein plan for kulturelt mangfold. Planen blei lagt fram i styremøte 8. februar 2019.

Planen har lagt grunnlag for museets arbeid med mangfold i perioden sidan 2019. I planen blei arbeid med mangfold forstått som kontakt med minoritetar og ulike kulturelle og etniske grupper, dialog og samarbeid med grupper med ulik kulturell bakgrunn, og elles medvit om kulturelt mangfold og mangfaldsperspektiv innanfor heile museets verksemd.

Planen sikta ikkje minst mot å styrke museets rolle som (fysisk) møteplass for kulturelt mangfold, og den gjorde greie for pågåande og planlagt arbeid/innsats på området (konkrete arrangement, samarbeidstilhøve mv.).

Museet har nå utarbeida ein ny (revidert) plan på dette området. Dette er i tråd med punkt 10.6 i museets årsplan 2022 (leveranse: «Revidert Plan for mangfold er vedtatt»).

Den nye planen, «Et åpent og ansvarlig museum – Plan for likestilling, mangfold og inkludering 2022-2024», som blir lagt fram her, byggjer på, og vidarefører, 2019-planens innretning og forståing av mangfold som kulturelt og etnisk mangfold. Samtidig blir mangfold gitt ei vidare tyding og blir forstått i samanheng med likestilling i vid forstand. Denne forståinga er i tråd med Universitetets «Tiltaksplan for likestilling, mangfold og inkludering» (2021).

Den nye planen legg til rette for vidareføring av etablerte tiltak, arrangement og samarbeid i tråd med 2019-planen. Samstundes legg den opp til at det skal takast omsyn til likestilling, mangfold og inkludering innanfor heile breidda av museets verksemd. Mål om likestilling, mangfold og inkludering skal spele med i utforminga av planar og prosessar. Konkrete tiltak på området skal gjerast greie for i museets årsplanar.

### **Vedtaksforslag:**

*Styret vedtar revidert plan for likestilling, mangfold og inkludering 2022-2024*

### **Vedlegg**

- Plan for likestilling, mangfold og inkludering 2022-2024

